



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4866 - 14/15544

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
[nora.gjerde@lindas.kommune.no](mailto:nora.gjerde@lindas.kommune.no)

Dato:  
25.06.2014

## **Søknad om midlar til bestandsretta hjorteviltforvaltning**

Vedlagt følgjer vedtak frå møte i plan- og miljøutvalet – 18.juni 2014.

Med helsing

Nora Gjerde  
administrasjonssekretær



# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
084/14	Plan- og miljøutvalet	PS	18.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nils Kaalaas	14/4866

## **Søknad om midlar til bestandsretta hjorteviltforvaltning**

### **Vedlegg:**

VS Invitasjon deltaking til hjorteprosjekt  
Forvaltning av hjortebestand 2013-2017 endeleg  
hordahjort\_inndeling\_a4

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert synt til saksutgreiinga og Lindås kommune løyver 25.000 kroner over det kommunale viltfondet til prosjekt Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017.

### **Plan- og miljøutvalet - 084/14**

### **PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

Det vert synt til saksutgreiinga og Lindås kommune løyver 25.000 kroner over det kommunale viltfondet til prosjekt Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017.

### **Saksopplysningar:** **Politisk handsaming**

Plan- og miljøutvalet,

## Bakgrunn

Merkeprosjektet i regi av Hordahjort, der dei fleste av kommunane i Hordaland og kommunane på sør-sida av Sognefjorden var med, vart avslutta i 2013. Merkeprosjektet skulle avdekka hjorten sine trekkruter og bruk av areala. Resultata frå dette og andre merkeprosjekt syner at forvaltnig av ein hjortebestand ikkje kan styrast innafor vald og kommunegrenser.

Ansvaret for hjorteviltet har over tid endra seg frå å vera statleg til å verta kommunal og no meir og meir gått over til at ansvaret skal vera hjå grunneigarar.

Den nye hjorteviltforskrifta har som mål og opnar for å få til eit organisert samarbeid som sikrar bestandsvis forvaltning av hjorten. Hjorteviltforskrifta opnar for at bestanden skal forvaltast etter bestandsplanområde og ikkje etter kommunegrenser. Når det no kan sjå ut til at veksten i hjortestamma har flata ut, er det meir påkrevd at vi har ei forvaltning som styrer bestanden slik at den kan haldast på eit berekraftig nivå. Dette har no grunneigarorganisasjonane ved skogeigarlaga i Hordaland/Rogaland (Vestskog) og Sogn og Fjordane Skogeigarlag teke tak i gjennom å etablera «Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017». Arbeidet har så smått starta opp med at det er halde orienteringsmøter, der rettigkeitshavarane vart orienterte og var med sin kunnskap bedne om å koma med forslag om dei nye bestandsplan områda.

Arbeidet no framover vil verta å utarbeida felles bestandsplan for dei områder som har felles bestand.

Kostnad:

Arbeidet er ikkje gratis, og prosjektektet har ei kostnadsramme på 3,9 millionar kroner, men då er Møre og Romsdal og med. Det er lagt opp slik at kommunane bidreg med 25.000 kroner kvar, men fylkeskommunane, og DN er også med å bidreg.

## Vurdering

Med ein forvaltningsplan som omfattar hjortebestanden sitt leveområde, vil vi ha eit verktøy som gjer at vi kan nå målet med ein rettare forvaltning av hjorten på bestandsnivå. Med andre ord ein livskraftig bestand, på eit aksptabelt nivå. som gjev eit jaktmessig utbytte, der kostnaden med bestanden er mindre enn utbyttet.

